20-November-2017

Andre avtalar (som ikkje skal tinglysast)
Gnr. 1, bnr 403 har bruksrett til 3m brei veg frå kommunevegen over gnr. 1 bnr 12 og 182. Veg en går forbi gnr 1, bnr 175 og vidare som kjerreveg. 9 andre med bruksrett til vegen: Gnr. 1 bnr. 175 Edvin Austegard, gnr. 1, bnr. 399 Edvin og Inge Østergaard, gnr. 1, bnr. 12 festenr 2. Helge Thorsen gnr. 1 bnr 205 Atle Austegard, gnr. 1. bnr 350 Berit Austegard, Gnr. 1 bnr 380 Merethe Mørk, gnr. 1 bnr. 251 Helge Mørk, gnr. 1 bnr 346 Asle Austegard og gnr. 1 bnr. 204 Audun Austegard. Sjå vedlagt kart.

## 7. Kjøparen/tileignaren si fråsegn ved overføring av bustadseksjon 5)

Eg/vi sannar at mi/vår tileigning av seksjonen ikkje er i strid med føresegna i eigarseksjonslova § 22, 3. leddet.

Stad, dato

| Kjøparen/tileignaren si underskrift | Her med maskin eller blokkbokstavar |
|---|---|
| Henrik Brigtsen<br>Berit Hoffstad | Henrik Brigtsen<br>Berit HOFFSTAD |

## 8. Fråsegn om sivilstand mm. 6)

1. Er utferdaren(ane) gift(e) eller registrert(e) partnar(ar)?

[X] Ja [ ] Nei Dersom ja, må ein òg svara på spørsmål 2.

2. Er utferdarane gifte eller registrerte partnarar med kvarandre og båe skriv under som utferdar?

[X] Ja [ ] Nei Dersom nei, må ein òg svara på spørsmål 3.

3. Gjeld overdraginga bustad som utferdaren(ane) og ektemaken(ane) eller den(dei) reg. partnaren(ane) til vedkomande bruker som felles bustad?

[ ] Ja [X] Nei Dersom ja, må ektemaken(ane)/den(dei) registrert(e) partnaren(ane) samtykkje i overdraginga.

## 9. Underskrifter og stadfestingar

Stad, dato
Flatøyvegen 154, 5918 Frekhaug 24. juni 2008

| Utferdaren si underskrift 7) | Her med maskin eller blokkbokstavar |
|---|---|
| Sigmund Austegard<br>Hilda Austegard | Sigmund Austegard<br>Hilda Austegard |

Som ektemake/registrert partnar samtykkjer eg i overføringa

| Dato | Ektemaken/registrert partnar si underskrift | Her med maskin eller blokkbokstavar |
|---|---|---|
| | | |

8) Eg/vi stadfester at utferdaren(ane) er over 18 år, og har skrive under eller vedkjent seg underskrifta si på dette dokument i mitt/vårt nærvære. Eg/vi er myndige og busette i Noreg.

| 1. vitneunderskrift | Her med maskin eller blokkbokstavar |
|---|---|
| Håkon Kvame | Håkon Kvame |

Adresse
Råvarden 162 B 5239 RÅDAL

| 2. vitneunderskrift | Her med maskin eller blokkbokstavar |
|---|---|
| Kristin Ingeborg Storm Austegard | KRISTIN INGEBORG STORM AUSTEGARD |

Adresse
FLATØYV 136, 5918 FREKHAUG

| Bortfestaren si underskrift | Her med maskin eller blokkbokstavar |
|---|---|
| | |



Kopi
1/204
1/946
1/12
55,8
52,7
Smiå
1/17
B
1/251
47,9
Tre
1/380
M 1:1000
Bruksrett 1/409
1/205
1/350
52,9
Løhaugen
44,6
58,2
B
Grishaugen
50,2
Våning
B
40
B
40,0
1/12
40,4
42,8
B
1/12
40,1
B
1/12/2
ett skog
Austegarden
342
Kråkhaugen
62,7
1/12
Driftsb.
B
B
1/12/1
1/409
1/182
1/329
Kommune veg
1/399
Tett skog
1/12/3
24/6-08
1/14
29,5


Biloppstilling- / snu plass
3,0m skuldre / 2,5m vel
Brigtsen
Østergaard
1 / 399
20m
1 / 14
1 / 12
1 / 183
Flatøyvegen
Flatøyvegen
Scale. 1 unit = 1m
20 m

Figur No. 1

*Bakgrunnsopplysningar*

Festekontrakt for den eigedomen me no eig, vart inngått 13.08.1962 mellom dåverande grunneigar Anders Austegard og Einar Østergaard. I § 8 i festekontrakten står det : «Festeren har rett til vei, sammen med grunneieren og andre som grunneieren selger eller bortfester tomter til, efter veien som fører frem til nordsiden av tomten i Kråkhaugen.» Dette er den vegen som i skrivet er kalla *kjerrevegen.* Festekontrakten vart transportert til oss då me kjøpte hytta. Seinare kjøpte me tomten.

I samband med kjøpet av tomten har Sigmund Austegard under «Andre avtalar» skrive : «Gnr 1, bnr 403 har bruksrett til 3m brei veg frå kommunevegen over gnr 1 bnr 12 og 182. Vegen går forbi gnr 1 bnr 175 og vidare som kjerreveg.» Det er så nemnt andre med bruksrett, mellom desse eigar av nabotomten gnr 1 bnr 399. Vidare er det vist til vedlagt kart der vegen er stipla opp til nordenden av vår tomt.

Me planla å byggja på hytta og søkte på vanleg måte Meland kommune om godkjenning og dispensasjon for bygging i LNF-område. I den samanheng vart det 06.07.2008 levert protest frå Inge Østergaard. På eit vedlagt kart viste han planlagt veg til eigedomen. Vegen følgjer då kjerrevegen (det er rimeleg sidan gnr 1 bnr 399 tilbake frå festeperioden truleg har dei same rettar /merknader som vår eigedom har).

For få år sidan laga så Inge Østergaard ein omfattande plan (i to utgåver) for veg til eigedomen på *motsett side av Kråkhaugen*, med utgangspunkt i Flatøyvegen, nær nr 124. Desse planane vart det ikkje noko av.

No skisserar altså Inge Østergaard eit nytt alternativ for vegutløysing til GBnr 1/399 – denne gongen på *rett side av Kråkhaugen* – men altså ikkje eit med kjerrevegen som grunnlag for linjeval.

Meland kommune / Teknisk avd

Postboks 79

5906 Frekhaug

Ulset 13.11.2017

Att : Avd.ingeniør Per Atle Sæle

Førehandssamtale / spørsmål om formelle tilhøve ved vegutløysing i LNF-område.

Saman med Berit Sofie Hoffstad eig eg GBnr 1/403 på Flatøy, Flatøyvegen 130. Hytta kjøpte me i 1998 og nokre år seinare kjøpte me også den bygsla tomten frå dåverande grunneigar Sigmund Austegard, GBnr 1/12, (Hilda Austegard er no eigar).

Tilkomst til hytta byggjer på skriftleg avtale om å nytta gamal kjerreveg opp i området. Kjerrevegen ligg på GBnr 1/12. Ved fleire høve har kjørbar veg til hytta vore drøfta med både tidlegare og noverande grunneigar. Me har forstått det slik at føresetnaden var å følgja same trasè som kjerrevegen.

Naboeigedomen / -hytta, GBnr 1/399, Flatøyvegen 128 er no eigd av Inge Østergaard (tidlegare av foreldra hans). Nedste del av vegen til den hytta har og vore kjerrevegen, resten på relativt dårleg sti. Inge Østergaard har no presentert eit heilt nytt alternativ for vegutløysing som ikkje følgjer kjerrevegen, men ligg meir inn i det urørde LNF-området.

Ønskje om vegutløysing for nabohytta er forståeleg, men me stiller spørsmål ved linjevalet. Det må understrekast at også dette linjevalet kan verta til føremon for oss, på tilsvarande måte som veg langs kjerrevegen vil vera eit like godt alternativ for nabohytta. Begge alternativa vil i om lag same grad koma inn på vår eigedom.

Det knyter seg nokre spørsmål til denne vegutløysinga og trasèvalet. Dei ville me gjerne få belyst i ein samtale med Teknisk avd., ev også ved befaring i området. I eit vedlegg til dette brevet er det teke med ein del om bakgrunnen for ønskjet om ei avklaring.

1. *Jordkjellar*. På sida av kjerrevegen ligg det ein gamal jordkjellar med opning vendt mot kjerrevegen. Dersom «ny veg» skal leggjast *langs* kjerrevegen – ikkje *på* kjerrevegen – kor stor avstand må det vera frå vegen til jordkjellaren (kjerrevegen er om lag 1,25 m brei og vil ikkje verta øydelagd av ev ny veg) ?
2. *Trasè*. Inge Østergaard sitt forslag til trasè er presentert ved ei skisse på eit kart over området. I presentasjonen er det også nemnt ein uttale frå ein entreprenør om at det vil vera råd å byggja vegen slik det er skissert. Vi reknar med at det må søkjast om dispensasjon for å byggja veg i LNF-området (tilsvarande som då me for nokre år sidan bygde på hytta vår). Kva krav stiller Teknisk avd til prosjektering av ein kjørbar veg i eit LNF-område ? (for ordens skuld – kjerrevegen vert også brukt som turveg opp til det høgste punktet i området).